

Norwegian Unix User Group

Referat styremøte 2007-11-07, 18:00 - 19:30, UiO/USIT

Styremedlemmer: Petter Reinholdtsen, Håvard Fosseng, Ole Kristian Lien
Skype: Jon Petter Bjerke, Peter N. M. Hansteen
Varamedlemmer: Gaute Næssan
Forfall:

2007-73 Godkjenning av referat

Referatet automatisk godkjent.

2007-74 Opptak og endringer av medlemmer

Fakturering ut for om lag 380 000, skal totalt fakturere for om lag 420 000 i år. sendregning.no har fungert relativt greit. Siste 3 som vi har problem med vert handterte manuelt denne gongen.

Jon Petter lagar utkast til e-post som kan sendast ut om kva folk skal gjere dersom dei vil ha endringar i faktureringa til seg.

Styret godkjenner dei nye medlemmene og tek utmeldingane til etterretning.

2007-75 Marknadsundersøking om fri programvare

Linpro har i samarbeid med NUUG organisert ei marknadsundersøking om fri programvare i Noreg, finansiert av Linpro, friprog-senteret, NUUG Foundation og IBM. Resultata vil bli publiserte om kort tid. Meir informasjon på:

<http://wiki.nuug.no/grupper/survey/business2006/questions-nb>

2007-76 Høyrings svar sendt om forskrift til offentleglova

NUUG har sendt høyringsfråsegn om framlegg til ny forskrift til offentleglova. Denne forskrifta er relevant for tilgongen til elektroniske kart. Kartgruppa og utvalte deltakarar på aktive@nuug bidrog. Høyrings svaret finst på:

<http://wiki.nuug.no/uttalelser/200710-offentlighetslov>

2007-77 NUUGnytt-200701

NUUG har sendt ut første utgåva i år av NUUGnytt til alle medlemmer på e-post: <http://wiki.nuug.no/nyhetsbrev/nuugnytt-200701>

Framover vil vi satse på å lage ei wikiside som vert oppdatert fortløpande med kommande stoff til komande utsending.

2007-78 Godkjenning av prisvinnar

PPFP-juryen si einstemmige avgjerd om å gje prisen til Linpro var godkjent av NUUG-styret per e-post før utdelinga.

2007-79 Førebuing til årsmøtet

Ser ut til at ting har *byrja* flaske seg med rekneskapen. Jon Petter skal møte Lodo om to veker, og skal sørge for at Lodo snakkar med revisor.

Dato for årsmøtet førebels sett til å falle saman med medlemsmøtet i mars.

Håvard startar skriving av årsberetning. Vi brukar wiki.

Jon Petter kjem med innspel til budsjett til neste styremøte.

Medlemstrenden er for tida opp, kanskje fordi vi har gjort meir oppfølging av dei som vert melde ut p.g.a. manglande betaling.

Håvard vender seg til gruppene og bed om innspel til budsjett.

2007-80 Eventuelt

Ny adresse er meldt til Enhetsregisteret i Brønnøysund. Jammleg tømning av CSS Mailboks 70 vert iverksett no, med scanning av post til RT.

Ole Kristian sender melding om endring av adresse til dei vi har fått post frå siste året og til DnD.

Peter forhøyrer seg med VOP om oppsett av telefon.


Fakturering av 2008-kontingent. Det meste er klårt til utkøyring.

E-post har gått ut til abonnentar med utgåver til gode av Linux-magasinet, vi har fått svar frå dei fleste, og alle som har svart har gått med på å donere pengane til NUUG.


Juleavslutting 19. desember.

Ole Kristian opprettar wikisider for søknad til FAD om pengar til prosjekt for fri programvare:


- Open Street Map
- Reiseutgifter til standardgruppa



Petter Reinholdtsen



Peter N. M. Hansteen



Jon Petter Bjerke



Håvard Fosseng

Ole Kristian Lien